1987

# 4 ÅR MED RV
# I VÅGSØY KOMMUNE

**Sjokkerande budsjett-behandling i Vågsøy**

**— Vanvittig og sløvt**

**Boikott i Vågsøy av varer fra Sør-Afrika?**

**Spørsmål fra RV til Vågsøy formannskap**

**Ikke vernet arbeidsplass ved Bamsebo**

**Boss-saka**

## HAR VI INFRIDD FORVENTNINGANE?
## LES OM

| | | |
|---|---|---|
| BUDSJETT-DEBATT MED RAUDPREG | KOMMUNALE SKANDALER | KOMMUNE-VALPROGRAM FOR RV |

www.pdf-arkivet.no/ (2022)

# I N N L E I I N G.

Dette heftet er eit streiftog av dei sakene RV har jobba med i perioden. Litt historie frå før vi var med i komunestyret, og så krydrar vi med kjente og ukjente historiar frå denne perioden.

Viktigaste med dette heftet, er at det er ein konkret argumentasjon på at RV trengst i Vågsøy komunestyre. Vi trur mange vil bli overraska, når dei les alt det RV har stått i med. Ikkje minst når ein tenkjer på at vi har berre 2 representanter. Vi for vår del skulle ønske at vi hadde vært fleire. Det ville gjeve oss mulighet til å ta opp anda fleire saker for folk. Det ville og ha gjeve oss større politisk innflytelse i komunestyret. Vi er så freidige at vi påstår; at hadde vi vært leire så hadde vi fått utretta enda meir. Dette i motsetnad til dei store partia i komuna, der ein representant meir, i praksis berre tyder ei hand meir å rekkje opp ved avstemningane.

Men dette tyder ikkje at får RV ein eller to representanter til, så vil vi få igjennom dei fleste sakene dei jobbar med. Vi seier at den beste måten å få igjennom saker på er å engasjere seg sjølv. Bossnemda i Vedvik er eit godt eksempel. Vi i RV forpliktar oss å føre sakene inn i komunestyret og sloss for dei der.




www.pdf-arkivet.no/ (2022)

## DEI FØRSTE HARDE ÅRA.

Dei som hugsar ti år tilbake, vil sikkert hugse dei første spede forsøka på å stifte RV i Vågsøy. I valkampen i -77 var det mange harde diskusjonar på gata. Skjellsorda hagla og det var folk som spytta etter oss på gata.

Stemmeresultata var magre iallefall sett i forhold til dei store belastningane denne tida var:

| | | |
|---|---|---|
| 1977: | 9 | stemmer |
| -79: | 32 | " |
| -81: | 33 | " |

Sjølv om framgangen ikkje er så stor, så var der framgang år for år. Dette skuldast nok mykkje det vi heile tida sto på, som tillitsmenn i fagrørsla, . RVàrar var først og fremst kjent for å tørre å sei ifra, enten dette no ramma lensmann eller prest. Eller slik som dette avisklippet syner, einkombinasjon av bedriftseiger og politiker.

Fjordenes Tidende, fredag 7. september 197'

### Ope brev til Vågsøy Høgre

**Av Geir Oldeide, Vågsøy RV.**

I desse dagar står Høgre fram som partiet som skal «tale vår sak og trygge vår fremtid». At det meste av det som kjem fram i desse dagar er valflesk, er alle klar over, men det er ein ting som spesielt får meg til å reagere. Høgre markedsfører seg som eit parti som skal kjempe for likestilling mellom kjønna og Unge Høgre har til og med programfesta — Lik løn for likt arbeid. Korleis vil De då forklare at på firma R. Domstein, der Knut Domstein er direktør og Gunnar Domstein (formann i Vågsøy Unge Høgre) er ein av sjefane, vert det konsekvent utbetalt forskjellig lønn til mannfolk og kvinnfolk? Og dette trass i at arbeidet ofte er det same! At det er langt mellom liv og lære i Høgre var vel dei fleste klar over, men dette er så frekt at det minner om grenselaus forakt for veljarane.

— Meiner Høgre at mannfolk og kvinnfolk skal ha lik løn for likt arbeid?

— Dersom De gjer det, vil De då gå aktivt inn for å få slutt på den forskjellsbetalinga som finn stad på budene her i Vågsøy?

### VALGET 1983.

Dette valet vart ein stor dag for RV. 2 stykker i komunestyret. Det vart menn begge to, avdi velgjarane strauk kvinnene som var på 2. og 3. plass.

Gje oss ein Tjangs; ba vi folk om og 169 ga oss den. Vi kan og nevne at Geir Oldeide var den som var ført og flest ganger på andre sine lister. DESVERRE, betyr disse semmene nesten ingenting (bare 1/36 av ei rein RV stemme. Viss folk tenkjer på å gjære dette ved seinare val, så bruk RV-lista, la dei stå som du likar, stryk resten og før så på folk frå andre lister.

Vel, vi fekk tjangsen. No skal vi sjå på litt av det arbeidet som er gjort. HAR VI INNFRIDD FORHÅPNINGANE ELLER ER RV BLITT NETT SOM DEI ANDRE POLITIKERANE. Les vidare og døm sjølv.

www.pdf-arkivet.no/ (2022)

EIN FRISK START 1983 -84.

Ei av dei første sakene RV tok opp var at det avtroppande komunestyret ekstrabevilga seg julebord. Dette i same møte som dei skar ned på det øvrige komunebudsjettet. Som ein kan sjå vart dette møtt med ei lite positiv holdning frå resten av komunestyret.

Fjordenes Tidende, onsdag 25. januar 1984

# RV aleine om å kritisere juleribbene

Raud Valallianse fikk liten respons på interpellasjonen som de reiste på det første møtet i det nye Vågsøy kommunestyre fredag kveld.

RV kritiserte i interpellasjonen sterkt at det forrige kommunestyret bevilget seg selv en julemiddag med ribber på Fjordly før jul for å markere avslutningen på en 4 års-periode.

— Det er en uskikk at kommunalpolitikere bevilger seg selv slike ting, sa Geir Oldeide, og viste til at summen på 10.000 kroner som ble satt av er et temmelig betydelig beløp, når man samtidig vet at Holvik Barnehage ikke får dekket et underskudd på ca. 3.600 kroner.

Oldeide viste også til skriveriene i Fj. Tidende om manglende sandstrøing i Måløys gater som ble forklart med mangel på penger.

— Slike saker som dette bedrer ikke folks tillit til oss som folkevalgte sa Oldeide som også viste til at sist

**FYLKESTINGET**

var i Vågsøy ble alle medlemmene, med fruer, samt etatsjefer osv. invitert til stor kommunal middag.

John Lillestøl svarte med at Vågsøy kommune nok ikke er den kommunen som har bevilget mest på seg til «utskeielser» opp gjennom årene.

Når det gjelder fylkestinget, så er det vanlig at alle kommuner som er vertskap spanderer en slik middag.

Og for Vågsøy har ikke dette blitt mange, og Lillestøl var fremdeles av den mening at man gjorde det eneste rette ved å gi denne middagen da fylkestinget var her engang i 70-åra.

Josef Steinfeld la også an en kjølig tone til RV's kritikk. — Vi skal ikke glemme hvor mange kroner, mange av disse politikerene sparer og kommunen får i løpet av en valgperiode.

Bilkjøring osv., som man har krav på kompensasjon for, blir svært ofte sløyfet.

**EN SIMPELHET**

— På veg virker dette som en simpelhet, og slik tror jeg sikkert at også mange andre reagerer, sa Steinfeld.

Liv Hesjem var heller ikke enig med RV. Etter 4 år i kommunaltjeneste burde man kanskje være unnt en middag. — Dette er lite til å lage noe nummer av, mente hun. Hun viste også til at formannskapsmedlemmene selv betaler sin kaffi, så noe misbruk kan man neppe snakke om i Vågsøy, mente hun.

Ordfører Domstein avsluttet med å si at saken fra hans side ikke vil bli gjort noe. Heller ikke kostet middagen 10.000, men bare ca. halvparten, sa Domstein.



*Geir Oldeide fikk ingen andre parti med seg i kritikken mot jule-ribbene.....*

Vi har i perioden gått med på enkel servering med smørbrød og kaffi på møta, når desse går i langdrag. Dette meiner vi er OK, men ikkje fråtsing slik som dette komunestyret gjorde ved ei seinare anledning. Der dei bevilga seg eit komunalt julebord på Hotellet. Når vi kritiserte dette, fekk vi til svar frå Reidar Furnes (AP) at det var eit forsøk frå RV på billig PR å sette dette julebordet opp mot andre komunale oppgåver.

www.pdf-arkivet.no/ (2022)

Sunnmørsposten
Ålesunds Dagblad
3. februar 1984

# Budsjettdebatt med raudt preg

**Måløy: Det er aldri lett å skjære ned på eit frå før beinskore kommunebudsjett, men Raud Valallianse i Vågsøy gjorde i alle fall eit heilhjarta forsøk då kommunestyret gjekk laus med sparekniven sist tysdag. – La rådmannen få tilbake den gamle titteien kontorsjef. Då kan vi setje han ned seks lønstrin og spare 49 209 kroner, sa Kjell Oldeide, og gjorde liknande framlegg om eit par andre etatsjefar. – Det er betre å ta frå dei som har meir enn nok frå før, enn frå postar som alt ligg langt under minimum.**

Ingen tvil om at dei «raude brør» i Vågsøy kommunestyre markerte seg i sin første budsjettdebatt. Budsjettet var kome i retur frå fylkesmannen med pålegg om redukajon tilsvarande opp mot ein million kroner. Og ikkje overraskande hadde brørne Oldeide sett seg inn i saken minst like godt som mange av dei meir etablerte partigruppene. Væpna med god sakkunnskap i tillegg til reknemaskin, dokument-permar av imponerande tjukkleik, og like mykje skrivepapir som det samla pressekorpset, sette dei sitt preg på budsjettdebatten, som strekte seg til langt ut på natta.

Men farlegaste våpenet til RV var nok valprogramma frå i haust. Opp til fleire gonger vart dei etablerte konfronterte med sine lovande formuleringar når framlegg om nedskjæringar skulle klubbast gjennom, og meir enn ein hadde visse vanskar med å forklare kvifor han lova seie ja, men måtte røyste for nedskjæringar no. – Vi står ikkje berre på våre eigne lovnader, det ser ut for at vi også er dei beste forsvararane for dei andre sine vallovander, sa Geir Oldeide.

No fekk ikkje dei «raude brør» gjennomslag for nokon av sine framlegg. Etter at framlegget om å legge skulda på staten og seie kommunen fri for ansvar for den dårlege økonomien vart avvist, nøydde RV seg stort sett med å røyste mot.

Nedskjeringane vart vedtekne, oftast mot to røyster, av og til også mot dei to frå Venstre. I tråd med formannskapsframlegget blir det no mindre pengar til barnehagar, kommunale vegar, skular, eldreomsorg og krisesenter, for å nemne noko.

```
Det vart og ein hard konfrontasjon i dette første møtet, då ei av dei
første sakene det nye komunestyret behandla var å skjære ned på
budsjettet.  Når dei andre partia ville skjere ned på noko, las vi
høgt frå valprogrammet deira ( som då bare var eit par månader
gamle).
```

Fjordabladet

# Fryktar nattleg partipropaganda

## Nytt nei til opne formannskaps-møte i Vågsøy

**Med 25 mot 9 røyster avviste Vågsøy kommunestyre framlegget frå Raud Valallianse om opne formannskapsmøte i Vågsøy. Kommunestyret slutta seg såleis til framlegget frå Kristeleg Folkeparti. Framlegget frå RV fekk båe Venstre sine røyster, og nokre slengrøyster frå Ap og Høgre.**

Knut Holvik (V) meinte framlegget ville fremje demokratiet i det lokalpolitiske arbeidet, og han var forundra over at Høgre no snudde om i høve til det partiet hadde uttalt under valkampen.

**Ein illusjon**

Asgaut Bleie (Bryggja-lista) var skeptisk til framlegget:

- Ein opnar ikkje for opne møte på same vis som under kommunestyremøta. Det er berre nokre få saker som presse og publikum kan vere med på, såkalla delegerte saker til formannskapet. Saker som er undervegs er ikkje offentlege, og eg tenkjer då i særleg grad budsjettbehandlinga. Opne formannskapsmøte er ein illusjon, sa Bleie.

Knut Holvik sa han hadde vanskar med å følgje Bleie, og minte om at alle saker er offentlege frå etatsjefen har skrive tilrådinga og er undervegs til formannskapet.

Geir Oldeide (RV) synte til det som var sagt om at det er berre fillesaker som blir avgjort i formannskapet. - Dette er slett ikkje tilfelle. Det er mange viktige

**Nattpropaganda**

Einar Rune Sætren (H) minte om kva tid det ville ta dersom møta vert opne. - I dag sit formannskapet i møte til fram mot midnatt, og eg er overtydd om at dei blir sitjande til tidleg om morgonen dersom møte vert offentlege, fordi ein då vil finne sjansen til propagandaframstøt med pressa til stades. Sætren meinte såleis der ville bli for lite arbeidsro.

John Lillestøl (KRF) viste til møta som er offentlege, m.a. skulestyremøta. - Folk møter likevel ikkje opp, og bortsett frå pressa har vi berre nokre få også i denne salen. Eg forstår ikkje kva som er føremålet med opne formannskapsmøte, og meiner difor

```
Enda ei sak frå
dette møtet var om å
opne formannskapsmøta.
Vi ville ha slutt på
at politikertoppane
skulle sitte bak lukka
dører, slik at ikkje
folk og presse skulle
høyre kva dei sa.
```

www.pdf-arkivet.no/ (2022)

Med alle desse sakene bare på det første møtet, trur vi at mange av dei andre komunestyrerepresentantane satt temmelig matte igjen.

Sidan gjekk det slag i slag uover året. Dette med at vi går rett på sak, førte fort til at folk byrja å ta kontakt med oss. Som ei gammal dame sa: "Kan du hjelpe meg mot ein mørkeblå mann" (ang. ei eigedomssak). Denne kontakta med folk har betydd enormt for oss. Den fører til at vi heile tida har med menn-esker å gjere i politikken, ikkje berre tall og papir. Dessutan gjev denne bakkekontakta oss nye vitaminer, slik at vi ikkje dovnar vekk.

Seinare på året vart Øvrevegen på Raudeberg handsama for første gong. Det er betegnande at RV var det einaste partiet som hadde lese alle sakspapira, som var på ca. 1000 sider. Allikavel kritiserte Steinfeld oss for å ikkje ha undersøkt realitetane i saka. Snakk om å kaste kampesteinar frå glasshus.

Fjordenes Tidende, fredag 9. november 1984

32—5

# Mot at Øvrevegen på Raudeberg blir fylkesveg

**Det ble en kort, men hard debatt da Vågsøy kommunestyre behandlet spørsmålet om skjønn til Øvrevegen på Raudeberg i siste møte.**
**Det arbeides med forberedelse til skjønn for denne vegen og i den forbindelse har h.r. advokat Brautaset tatt opp spørsmålet om kommunen kan frafalle kravet om grunnrefusjon av grunneiere som selv har avstått grunn gratis i full bredde.**

**RØD VALGALLIANSE**

satte i kommunestyret fram dette forslaget:

«1. Den tidlegare sakgang syner at Vågsøy kommune har det fulle ansvar for elendet grunneiarne er komne i.

2. Vågsøy kommune frafaller refusjonskrav for Øvrevegen på Raudeberg.

3. Vågsøy kommune v/ordføraren søkjer fylket om å få omklassifisert vegen til fylkesveg».

Forslaget fikk 5 stemmer. Det var de 2 fra RV, Roald Halsør (N.V.-lista , Nils Rasmus Andal (N.V.-lista), Johannes H. Kvalheim (Ap). Formannskapets tilråding ble deretter enstemmig vedtak. Den hadde slik ordlyd:

En slutter seg til forslaget fra h.r.adv. Brautaset i brev av 15.10.84 i forbindelse med skjønn Øvrevegen på Raudeberg og frafaller sitt krav om grunnrefusjon av grunneiere som selv har avstått gratis grunn til full vegbredde. Restkrav blir etter dette kr. 1.914.525.

**I SKRIVET**

fra h.r. advokat Brautaset het det:

«Eg syner til konferansen i Måløy den 11. oktober i år då eg reiste spørsmålet om å ta kostnadene med grunnerverv til Øvrevegen etter skjønn i 1982 ut av refusjonskravet.

Forholdet er at for søre del av vegen har grunneigarane gitt grunn til vegen i full breidde utan vederlag. For nordre del var det tidlegare avstått gratis grunn til bygdevegen, som det då heitte. Men for å utvide vegen til regulert breidde måtte kommunen betale vederlag for grunn etter skjønn. Denne kostnaden blei kr. 97.470 og er teken med i kravet på refusjon mot grunneigarane langs heile vegen.

Grunneigarane sin advokat har reist spørsmålet om lova gir høve til å krevje grunnrefusjon av grunneigarar som sjølve har avstått grunn gratis til full vegbreidde. Eg trur nok at det etter lova er høve å halde på kravet, men det er vel klart at dette kan verke urimeleg og urettferdig og gi grunn til kritikk for at folk ved same vegen ikkje blir behandla likt. Eg vil derfor tilrå at kommunen fråfell denne del av kravet. Restkravet blir då kr. 1.914.55. Spørsmålet bør vel leggjast fram for formannskapet».

**BJØRNETJENESTE**

Geir Oldeide (RV) kjørte hardt ut mot refusjonskravet. Han sa at han hadde satt seg grundig inn i saken og syntes etter det han hadde funnet fram til at kommunen var kommet skeivt ut med hele saken.

Han mente at kommunen burde frafalle hele refusjonskravet. Det var i 1975 kommunen gjorde seg selv den bjørnetjenesten og be om at vegen ble omklassifisert fra fylkesveg til kommunal veg. Hvilket skjedde.

Nå får en ta til vettet. Kommunen kan risikere rettssak hvis en går videre.

**IKKE SÅ LETTVINT**

Liv Honjum (V) sa at det ikke var så lettvint som Oldeide framstilte det. Det var nemlig oppsitterne selv som presset på for å få kommunal veg.

*Steinfeld* (Ap) mente at Oldeide burde undersøke realitetene i saken. Det er lettvinte påstander han kommer med. Hvis det var fylkesveg ville ikke oppsitterne få avkjørsel for oppstillingsplass for biler eller oppføring av garasjer.

Oldeide (RV) repliserte at han hadde lest hvert eneste ett av de 1.000 sidene som utgjøre sakspapirene i denne saken.

Det finnes ikke et eneste dokument som viser at oppsitterne har presset på for å få omklassifisert vegen. Dette med avkjørsler er bare unnskyldning. Denne vegen er en gjennomgangsåre og burde derfor vært fylkesveg.

## Glipp av Vågsøy kommune - kva med Øvrevegen på Raudeberg?



*— Handsaminga av denne saka er det berre ein ting å sei om, seier Geir Oldeide (Rv). Han viser si klare meining om saka og viser tommelen ned for merkeleg sakshandsaming.*

Denne saka har sidan vore handsama fleire gonger. RV har heile tida kjempa for at komuna sjølv skal betale for tabben sin og ikkje forsøke å dytte den over på oppsitterane.

www.pdf-arkivet.no/ (2022)

Siste komunestyremøte kvart år er budsjettmøte. Her hadde heile RV-gruppa behandla budsjettet på førehand. Vi brukte 18-20 møtetimar på budsjettet, før vi kom til komunestyret. Der reiste vi over 100 endringsforslag. Medan den eine representanten prata, skreiv den andre vedtaksforslag. Det var like hardt som ein bedriftsfotballkamp. Men trass all vår argumentasjon, liten respons fra resten av komunestyret. Når regnskapet for det budsjettåret vart lagt fram, synte det seg at det hadde vore fullt mogeleg å følgt alle forslaga våre.



Kjell Oldeide (RV)

## Hvem fikk rett om budsjettet for 85?

Kjell Oldeide (RV) sa i sitt-innlegg under den generelle budsjettdebatten bl.a. at om en gikk ett år tilbake i tiden ville en kunne se at RV la seg på den linje som etatene hadde bedt om når det gjaldt bevilgninger. Da fikk vi høre at kommunen ikke hadde råd. Men hvem fikk rett? Det viser seg nå at vi har et overskudd på over 3 mill. kroner i år.

Det viser at det var mange oppgaver vi hadde kunnet klart å løse i år med de midlene vi har hatt til rådighet.

Vi håper bare at vi ikke får den samme pessimistiske stemningen i år som i fjor.

**BUDSJETTET**

er nok ekspansivt, men jeg tror ikke -86 budsjettet er så helt spesielt ekspansivt.

Hva skal vi forøvrig gjøre med overskuddet i år. Når det gjelder driftsbudsjettet for 1986 håpet han at de nedskjæringer som var foreslått av formannskapet ikke ble foretatt, men at man istedet hevet enkelte poster.

Alt dette og mykkje meir var saker vi tok opp 1.året. Viss vi skulle skrive om alt vi har gjort i dei neste 3 åra ville det bli bok av det. Dessutan er økonomien til RV så skral at vi ikkje har råd til å bruke tusenvis av kroner på trykkeutgifter. Så no går vi over til å skrive om nokre saker som har vore særlig betydningsfulle for RV i perioden.

# Barnehager

I perioden har det stått mange slag om barnehagesaker. RV har gang på gang kjempa for fortgang i barnehageutbygginga. Vi var dei einaste som sloss mot at foreldrebetalinga ikkje skulle auke meir enn prisstigninga. AP`sin representant i barnehagenemda Laila Nore støtta eit einstemmig vedtak i nemda at foreldrebetalinga ikkje skulle auke meir enn prisstigninga på 5,5%. I komunestyret fekk ho igjennom 12% auke. Snakk om dobbelmoral. I det heile teke så har AP vore prega av prinsipper for sal og dobbel moral i denne perioden. Meir om det seinare.

# Usedvanlig skarp lut Vågsøy komm.styre!

**Da saken om midler til funksjonshemmede kom opp. Ordføreren med sterk kritikk for måten saken var blitt fremmet på**

**HARDE BESKYLDNINGER**

Kjell Oldeide (RV) gav en orientering om saken. Han sa videre at det er harde beskyldninger når det blir sagt at vi svekker tillitsforholdet mellom kommune og publikum. Nei, det gjør vi ikke.

Jeg vil minne om at ordføreren selv i valgkampen sa at inneffektivitet i administrasjonen er største problemet i Vågsøy.

Vi var ikke ute etter politisk gevinst. Vi gikk ut i media for å belyse saken og for å hjelpe de funksjonshemmede. La det være klart at jeg ikke har angrepet dem i kommunen som virkelig har gjort noe for disse.

www.pdf-arkivet.no/ (2022)

## KOMUNALE SKANDALER

Det er vel ingen andre saker som gjer RV meir upopulær i komune-administrasjon og blant andre politikere enn når vi syng ut om komunale tabber. Til dømes når etatsjefane "harmoniserer" lønna si opp med 20 - 30 000 kr. i året. Slikt syns vi er usmakelig i ei tid då lønnsoppgjæra gjev 0,0 til vanlige folk. Eller når Formannskapet pumpar forureina vatn frå Skavøypoll for å bruke det i Måløy.

## KVINNEPOLITIKK

Til tross for at det er 2 menn som sit for RV har vi gang etter gang teke opp kvinnespørsmål i komunestyret. Desse sakene har fått ei ublid skjebne, det skuldast nok at det berre er 5-6 kvinner i komunestyret. Isaker som vi har teke opp, har stort sett desse støtta våre forslag til tross for partimotsetnader. Men holdninga ein AP'mann hadde i forbindelse med kvinnfolk representert i Hav-styret ("Pøh, kvinnfolk dette er ei viktig nemd) er nok den som har råda grunnen.

## ARBEIDERPARTIET.

INGEN RØDE ROSER FRA RV TIL AP.

Arbeiderpartiet 1887-1987

Dei som trur at komunestyret er delt i sosialistiske og borgarlege retninger bør gå arbeiderpartiets stemmegjeving nøye etter i saumane. Når det har vore slike saker oppe, har AP gang på gang stemt i lag med Høgre.
Dette viste seg klart i saka om opprettin av likestillingsutval i komuna. Venstre sine to representanter støtta oss, og kva med sosialistane i AP? Jo, dei gjekk mot oss.

## BOSSANLEGGET I VEDVIK

Dette er vel den saka som har vore mest diskutert i perioden.
Det som kanskje er nytt for mange er at RV første gang denne var handsama i formannskapet, stemte <u>for</u> bygging av bossanlegget i Vedvik. Men etter alt det gode opplysnigsarbeidet folk i bygda gjorde, snudde vi.
Sidan har vi jobba hardt for å få resten av komunestyret til å følge vårt eksempel. Som ei frå Vedvik sa etter ein komunestyre-debatt: " Hadde det ikkje vore for RV, så hadde det ikkje blitt noko debatt i det heile".
Komuna hadde ei tid planer om å utvide anlegget, brenne bosset frå nabokomuna Vannylven. Dette klarte vi å stoppe. Dette er ikkje vår fortjeneste, men den enorme innsatsen folk i Vedvik har gjort. Hadde det ikkje vore for engasjementet deira, så ville det nok vore ein ovn eller to til som hadde forureina bygda.

www.pdf-arkivet.no/ (2022)

## AVSLUTNING OG TID FOR KONKLUSJONAR.

Viss du har gidda å lese alt dette, er det no på tide å gjære seg opp ei meining. Var det verdt å gje oss denne sjangsen i 1983 ?

Vi i RV vil iallefall seie at vi har vore med å auka interessa for kva som skjer i komunestyret. Folk som før " ga blaffen " finles avisreferata om kven som seier kva i komunestyret. Om folk er einig eller ueinig i politikken vår, så trengs det folk som syng ut.

Avslutningsvis vil vi takke alle dei som har såtte for RV i nemder og utval. DESSE FOLKA HAR GJORT EIN STOR JOBB FOR Å FORBETRE KVARDAGEN TIL FOLK. OG DET ER URETTVIST AT DET BERRE ER KOMUNESTYREREPRESENTANTANE SOM FÅR ÆRA FOR DET SOM BLIR GJORT AV RV.

TIL SLUTT: Vi vonar at vi har infridd forventningane til dei 169 som stemte på oss. Vi kan love her og no, at får vi fornya tillit, så skal vi stå på like hardt i åra som kjem.

RAUD VALALIANSE
Boks 103
6710 RAUDEBERG

Redaktør: Kjell Oldeide
Trykker : Audur Rafnsdottir

www.pdf-arkivet.no/ (2022)

# PROGRAM

## Kommunevalet 1987

* RV SKAL KJEMPE MOT ALL URETT

* RV SKAL FORTSATT REISE FOLK SINE KRAV I KOMUNA

* RV SKAL KJEMPE FOR KVINNERS KRAV

* RV SKAL VÆRE "VAKTBIKKJER" PÅ DEI ANDRE PARTIAS VALLOVNADER



1-2 GEIR OLDEIDE
HOLVIK



3-4 KARI MORVIK
DEKNEPOLLEN



5-6 KJELL OLDEIDE
RAUDEBERG

| | | |
|---|---|---|
| 7-8 | Helge Hjertenes | Deknepollen |
| 9-10 | Audur Rafnsdottir | Holvik |
| 11-12 | Kristin Blålid | Raudeberg |
| 13-14 | Halvard Jansen | Måløy |
| 15-16 | Markvard Trollebø | Deknepollen |
| 17-18 | Emmy Tungevåg | Deknepollen |
| 19-20 | Eva Flyum | Deknepollen |
| 21 | Hans Ole Færestrand | Vågsvåg |
| 22 | Harry Hagen | Raudeberg |
| 23 | Nils Arne Øksdal | Måløy |
| 24 | Torild Hansen | Deknepollen |
| 25 | Stig Rutledal | Raudeberg |
| 26 | Elin Kvalheim | Kvalheim |
| 27 | Jan Mikkelsen | Måløy |
| 28 | Torgunn Oldeide | Holvik |
| 29 | Atle Osmundsvåg | Deknepollen |
| 30 | Vidar Televik | Måløy |
| 31 | Tone Kvalheim | Halsør |
| 32 | Sølve Oldeide | Holvik |
| 33 | Jan Kåre Garshol | Bryggja |
| 34 | Jan Kåre Trollebø | Deknepollen |
| 35 | Elin Refvik | Refvik |
| 36 | Tore Andre Føleide | Måløy |
| 37 | Roy Haugen | Raudeberg |

www.pdf-arkivet.no/ (2022)